



Hausten 2011

Tillit og samarbeid

Den tilliten som skulen får ved at foreldra sender borna sine til KKS, ynskjer me å ta vare på. Som ein kristen skule vonar me å:

- gje god kristendomsopplæring og solid allmennkunnskap
- utvikla den einskilde eleven sine evner og anlegg
- gje borna haldningar, dugleik og kunnskap til å gjera ein medmenneskeleg og nyttig innsats i samfunnet
- skapa eit trygt miljø for borna
- gje ei fagleg god undervising gjennom dyktige og motiverte lærarar
- gje ein god start på dagen med felles andakt og song

Informasjon!



Er du interessert i meir informasjon om Kvam Kristne Skule, kan du kontakta:

Kvam Kristne Skule
Dalatunvegen 136
5600 Norheimsund

Telefon: 56564650
Web: www.kks.as
E-post: post@kks.as

Rektor Brit Gjerde Voster

Interessert?

Ta gjerne uforpliktande kontakt med oss! Ring, bruk e-post eller avtal å koma innom på besøk ein dag, for å sjå korleis me har det.

Ynskjer du å prøva korleis det er å vera elev ved KKS, kan du koma og vera med nokre dagar eller ei veker tid.



Kvam
Kristne
Skule



www.kks.as



KKS vart godkjend 3. august i 2007.

Skulen vil vera open for alle elevar på grunnskule-trinnet, men med reservasjon om gradvis oppbygging avhengig av kor mange som søker på dei ulike klasse-trinna. Det er ein fådelt skule med 3 klasseinndelingar.

Ynskjer å skape eit godt miljø

Ein mindre skule skaper ein god og positiv kontakt elevane imellom, og mellom den enkelte elev og lærarane. Å ha ein høg trivselsfaktor spelar positivt inn på yteevna til den enkelte elev. Ein skule som dette er også avhengig av nær og tett kontakt med foreldra - noko som også er positivt for skulemiljøet.

Økonomi

Skulen vil få dekkja 85 prosent av driftskostnadane frå staten til skule-drifta, men det er inga støtte til husleige.

Det blir eigenbetaling pr. elev, og rabattordning for søsken. Elevar som er busette i same kommune som skulen, vil ha rett til skuleskyss etter ordninga som gjeld for den offentlege skulen.



Glimt frå KKS



Kunst og handverk



Tekstiloppgåve

Kristen verdiforankring

KKS har læreplanar som byggjer på det offentlege læreplanverket. Me har justeringar i nokre læreplanar fordi me er ein skule med kristen verdiforankring. Mellom anna har KKS eigen læreplan for kristendom medan undervising om andre religionar og livssyn er lagt til samfunnsfag.

Den kristne kulturarven har vore til stor velsigning for vårt folk. Me meiner det er viktig å formidla denne vidare til den oppveksande slekt. Det vil gje ei god ballast vidare i livet.



Tur til Eidfjord

Lokalitetar

KKS held til i Dalatun i Steinsdalen nær skog, foss og fjell. Gjennom undervisinga ynskjer me å utnytta denne ressursen på ein positiv måte, slik at elevane kan ha aktivitetar knytta opp til dette.

